

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/66

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
012/2021	Kommunestyret	PS	25.03.2021

Orienteringssaker

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
012/2021.1	Kommunar som har samarbeidsavtale med Vestland fylkeskommune om drift av Etablerersenteret, 2017 – 2020,

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 012/2021

KS - behandling:

NAV v/ Aina M. Steinsland og Nina Strømsnes haldt ei orientering om utviklingsprosjekt som vert gjennomført av NAV region Nordhordland. Satsingsområde: Unge under 25 år som mottar oppfølging frå NAV og som har behov for oppfølging utover direkte formidling til kvalifisering, utdanning eller arbeid.

Ordførar orienterte:

- nærskuleprinsippet; fylkestinget har vedteke å greie ut sak om reisetidsgaranti for elevar. Føremålet er å sikre at ingen elevar skal ha meir enn 1 1/2 reisetid med kollektivtilbod. Færre elevar enn før skal få unødig lang reiseveg. Kristin Nåmdal: takka for at oppfølging og peika på at Modalen også bør fokusere på skular i Bergen, ikkje berre Voss.
- ny dato for folkevaldprogram dag 3 vert fredag 18. juni.
- eigedomsskattegrunnlag for kraftanlegg. Modalen kommune er part i sak mot staten vedr. grunnlag

for utrekning. Saka er beramma i Oslo tingrett 11. og 12. mai.

Rådmannen orienterte:

- pågåande sak kor de var uvisse knytt til mogleg koronasmitte i Modalen. Ventekarantene vart iverksatt. Dette førte til mangel på lærarkrefter, og det vart iverksett digital undervisning for heile Mo skule fram til påskeferien. Nærkontakt til smitta har så langt testa negativt.
- før denne hendinga oppstod var det planlagt kriseleiingsmøte tysdag 23. mars. Dette var for å førebu råd og tiltak inn mot påska, også fordi det i førre formannskap vart drøfta bekymring dersom det kom for mange besøkande til Bryggjeslottet i påska. Modalen oppdaterte sine råd og tiltak etter at regjeringa kom med nasjonale råd onsdag 24. mars.
- status rekruttering av ny kommuneoverlege. Ingen avklaringar, men søknadsfrist er 28. mars. Adm. arbeider med ein plan for perioden fram til ny kommuneoverlege er tilsett.
- Rådmannen orienterte kort om at nytt kommunehus er i rute. Informerte om problemstilling knytt til vassforsyning for å sikre tilstrekkeleg vasstrykk i Mo sentrum, mellom anna knytt til sprinkleranlegg på Mobrygga og kommunehuset.

Klimapartner Vestland v/ Renate Nedregård heldt ein presentasjon inkl. kva dei kan tilby kommunar, og svara på spørsmål frå kommunestyret

- Ordfører: Modalen kan trenge litt starthjelp. Kanskje Modalen kommune, som liten kommune, kan vere litt i front.
 - Linda Neset: Korleis kan ein tenkje seg at utslepp skal målast i Modalen (privat/offentleg) inn mot 2030? Nedregård: Dei første åra handler det om å få oversikt over utslepp som kan danne grunnlag for vidare vegval.
 - Kristin Nåmdal: Ynskjer at dette vert lagt fram som politisk sak til kommunestyret, og at ein tek dette som ei orientering i denne omgang.
- Ordfører vil følgje opp orienteringa som politisk sak til kommunestyret.

Administrasjonen v/ ass. rådmann orienterte:

- Felles logopedteneste vert for tida greidd ut i samarbeid med Gulen, Masfjorden, Fedje og Austrheim kommunar. Vertskommune er planlagt å vere Austrheim.
- Barnevernsreforma 2022. Modalen kommune er invitert med i drøftingar kor Osterøy og Vaksdal kommunar skal greie ut ny organisering av barnevern.
- Fag- og tenesteutvikling knytt til Helsehuset i Knarvik. Modalen tek del, føremål finne gode utviklingsområde og synergjar.
- Psykologprosjekt i Nordhordland - føremål rekruttere og behalde psykologar. Kjem til handsaming i regionrådet.
- Felles strategisk helse- og omsorgsplan for Nordhordland undervegs. Kjem til handsaming i regionrådet.

Spørsmål frå Kommunestyret:

-Sigrun Almelid spurde om at det var planlagt gode løysingar for dei mange som skal parkere i samband med nytt kommunehus? Særleg merksemd mot parkeringsplassen ved kyrkja dersom det samstundes vert parkeringsbehov knytt til gravferd. Rådmannen viste til at det vert arbeidd med parkeringsplan no, og at dette arbeidet ikkje er avslutta.

-Marit Nese etterspurde kommunen sitt bidrag med å kalle inn til første møte i 17. mai-komiteèn sitt årlege arbeid. Dette har fungert fint tidlegare, men har ikkje blitt gjort siste åra. Rådmannen vil ta førespurnaden med attende til leiar for kundetorget.

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Vedlegg:

Kommunar som har samarbeidsavtale med Vestland fylkeskommune om drift av Etablerersenteret, 2017 – 2020,

Aktivitetsrapport 2020 - Etablerersenteret.pdf

Etablerersenteret i sosiale media 2020.pdf